

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Ålesund

Koordinering av time: 70 10 59 54

Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Avdeling: 70 10 59 50

Volda

Gynekologisk poliklinikk: 70 05 82 63

Gynekologisk sengepost (dagbehandling): 70 05 83 61

Inntakskontoret: 70 05 82 48

### Pasientinformasjon

# Skjedefplastikkar Vaginalplastikkar

# Vaginalplastikkar

Ved framfall vil ein eller fleire av desse operasjonane vere behandlinga:

1. Framre skjedevegg strammast opp, og blæra vert lyfta opp att på sin naturlege plass
2. Livmørtappen eller heile livmora vert fjerna
3. Bakre skjedevegg vert stramma opp og musklane i bekkenbunn kan trekkast saman for å styrkje bakre skjedevegg.
4. Prolift 5. Pelvisoft

Inngrepet vert utført via skjeden, vanlegvis i "ryggbedøving": spinal- eller epiduralbedøving.

## Under / etter behandlinga

Eit blærekateter ligg inne under inngrepet og vert fjerna neste dag. Det blir kontrollert at du tømmer blæra tilfredsstillande, før utreise. Blærebetennelse er ein hyppig komplikasjon som vert behandla med antibiotika. Viktig at du seier ifrå dersom symptom slik at du får tatt urinprøve.

Du kan ha smerter mot endetarmen i nokre dagar etter inngrepet. Det lindrar å sitje på ein badering. Du får smertestillande når du treng det. Utfloed og litt sparsom vaginalblødning er vanleg i nokre veker etter operasjonen.

Stinga skal ikkje fjernast. Dei løyser seg opp og kjem ut etter nokre veker. Det er normalt at trådrestar kjem ut av skjeden.

Alle kirurgiske inngrep utgjer ein liten risiko for komplikasjonar som bløding, blodansamlingar, blodpropp eller infeksjon.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som t.d. Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greitt, eller om du må ha eit anna medikament i staden.

## Kva kan du gjere etter operasjonen ?

Sjukemelding etter operasjonen er vanlegvis 2-4 veker, avhengig av kva slags arbeid du har og kva for inngrep du har fått utført. Dei første 4 vekene etter inngrepet skal du unngå tungt arbeid og tunge løft. Du kan gjere lettare husarbeid, gå i trapper, gå tur, køyre bil oa.

Du må unngå forstopping, då kraftig trykking på toalettet kan bidra til at operasjonen vert mislykka. Et fiberrik kost og drikk rikeleg. Det er også viktig med mykje mosjon.

For godt operasjonsresultat på lengre sikt, bør du regelmessig trene muskulaturen i bekkenbunn. Etter 4 veker kan du gjere øvingar for bekkenbunn. Samleie kan takast opp att 4 veker etter operasjonen. Dette kan vere sårt og kjennest trangt i starten, men vevet tøyser seg etter kvart og du kan nytte glidekrem eller hormonkrem.

Etter overgangsalderen vert det anbefalt at du fortsetter med hormonbehandling også etter operasjonen for å halde vevet mjukt og elastisk, betre grotilhøve og forebygginge nytt framfall og urinvegsinfeksjonar m.m.

Etterkontroll er ikkje nødvendig utan avtale med operatør. Dersom akutte tidlege komplikasjonar, kan du ta kontakt med avdelinga.

